

Margit Smeland

Smeland 25.08.2017

Smeland 340

4865 Åmli

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

HØYRINGSUTTALE STEINVASSÅNA KRAFTVERK OG REGULERING AV STEINSVATN, ÅMLI.

Eg er eigar av gnr. 15 bnr. 1 i Åmli. Ei regulering av Steinsvatn vil få verknad for eigedommen min, og eg vil på bakgrunn av det gje uttale til søknaden.

Ut frå søknaden vil reguleringshøgda ligge mellom kote 565,3 og 566,25.

Statens Kartverk sin base oppgjev ei høgde på Steinsvatn lik 565,0 m på Åmli-sida og 565,9 i Fyresdal. Men strandlina er ikkje broten inne i Steinsvassringen og det burde den ha gjort så sant opplysingane på kartet skal følgast og då terrenget inne i Steinsvassringen er ganske flatt.

Vi har fått presentert utbyggingsplanen under ei synfaring med søker tidlegare denne månaden, men gjekk ikkje lengre enn til utløpet av Steinsvatn.

Når grunnlagsopplysningane spriker og fastmerke med tilhøyrande høgde manglar er det vanskeleg å seie eksakt kva verknadene av omsøkt regulering vil vere. Men noko utvaskingssone kring vatnet har heller ikkje eg lagt merke til og støttar med det Kilands oppfatning på det punktet.

Delar av inste området mellom Steinsvasslia og Steinsvasstangen er ganske flatt og vil bli etter måten sterkt påvirka av regulering. Same vil vere tilfelle med områda kring Steinsvassringen og enkelte delar av tangen.

Eit småskala kraftverk utan regulering har langt mindre landskapsmessige verknader samanlikna med dette, og det meste av inngrepa vil vere knytt til område som er lite eksponerte. Åpne landskap i høgareliggende område blir noko heilt anna. Ein må også forvente eit køyremønster med uregelmessige variasjonar i vannstand.

Eg stiller også spørsmål ved dei landskapsmessige vurderingane som er gjort. Det meste er knytt til områda kring utløpet. Konklusjonen biologane dreg er at reguleringa er beskjeden og vil neppe påvirke landskapsopplevinga.

Neddemt areal kring løkjen nærmest vatnet vil i følge søknaden bli ca 14 daa ved oppføring av ein demning på 1,5 m høgde.(side 36 i søknaden). På side 35 er breidda kring Steinsvatn beskriven som bratt og steinete og neddemt areal mellom HRV og LRV anslått til ca 11 daa. Med ei strandline på ca 10 km tilsvarer det ei breidde på 1 m i gjennomsnitt. Dette virkar derfor å ha vore tatt svært lett på – noko som i neste omgang fører til at eg blir reserveert til heile søknaden og innhaldet i den.

At søker har tatt seg til rette og utført byggearbeid utan godkjenning dreg i same retning.

Ut frå dette ønsker eg ikke at utbyggingsplanane blir realiserte på det grunnlaget og i det omfanget søker legg opp til.

Med helsing

Margit Smeland

Sign.